

# MEDDELELSE

## FRA

# DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr 4

August 1947

45. årgang

Redigert av dr. agr. Aasulv Løddesøl.

## JORDØYDINGA PÅ VESTLANDET.

Av forsøksassistent S. Røyset.

Gjenom åra har det både i dags- og fagpressa vore skrive um dette spørsmål og det ligg likeins fyre nøkterne og klåre utgreidinger um sume former for jordøyding langs kysten. Men undantek torvstikking og torvflekkning til brensel, synes spørsmålet likevel ikkje å ha vakt den interesse som det burde ha krav på.

Det er mogleg at årsaka til at det ikkje har vore synt den rette interesse for denne sak, ligg i at det ikkje har vore fullt ålement skyn for og kjennskap til kor umfatande og alvorlegt spørsmålet i røynda er. Men korleis det enn er med dette, er det likevel ei urikkeleg kjensgjerning at jordøydinga langs kysten både er større og skadelegare enn mange kanskje har hug å tru. Jordøydinga går også for seg på fleire ulike måtar gjennom heile året, måtar som oftast er utan innbyrdes samanheng med einannan.

Sume former for jordøyding som td. torvstikking og torvflekkning til brensel, går meir eller mindre intens for seg langs heile kysten. Jordøyding ved brand — lyngsviding, synes derimot å vera meir avgrensa til bestemte strok og er truleg størst i kystbygdene på Vestlandet. Jordøyding ved erosjon og avfløyming av finjord (fine mineralkorn og humusstoffer), vil alltid stå i nokso nøgje samsvar med dei topografiske tilhøve og til nedburden på staden, og til bradt-lendtare det er og til større nedburden er, til større vil denne form for jordøyding vere.

Dei ymse former for jordøyding vil soleis variere ikkje so lite frå stad til stad alt etter som naturhøva er, men samanlagt torer skadeverknaden av alle desse jordøydingsformer likevel vera størst på Vestlandet. Det er difor jordøydinga i denne landslut eg her vil prøva å gjeva ei lita utgreiding um, for um mogleg å syna kva samfundsmessig velferdssak det er å taka dei rådgjerder som i det heile kan takast for å stansa eller minka jordøydinga mest mogleg.

Det er særleg i dei midtre og ytre skogfatile og skoglause strok langs kysten på Vestlandet, den største og skadelegaste jordøyding

går for seg. For her ligg alle naturhøve vel til rette for dei jordøydande krefter slik at dei får verka i fullt mun. Grunnårsaka til alle former for jordøyding er likevel i alt overvegande grad menneskjelege inngrøp, og etter måten og umfanget jordøydinga går for seg på, kan ein skilje mellom tri ulike hovudformer.


1. a. Den beinveges viljande — og ein kan segja naudtvungne, jordøyding ved torvstikking og torvflekkning til brensel.
- b. Vekkøyring av mold frå «moldtak» i myrar og gamle brenntorvtomtar.
2. Den umveges viljande jordøyding ved lyngbrenning med fyremål å betra det naturlege sumarbeitet.
3. Den uviljande jordøyding som har si årsak i dyrking og bruk av jorda som kulturjord — åker.

Den mest ålmenne og jordbruksmessig vel ogso den skadelegaste jordøyding, er urasjonell torvstikking og torvflekkning til brensel. Det er ogso denne form for jordøyding som med rette har vakt den største interesse, ikkje mindst avdi den går meir eller mindre intens for seg langs heile vest- og nordkysten.

Denne torvstikking og torvflekkning til brensel, er mange stader i alle fall på Vestlandet ikkje so særlig utgammal. For Vestlandet har ogso i historisk tid vore kledd med skog, kanskje heilt til den ytterste kyst og det var difor ikkje nokon stor trong for torv til brensel slik som no. At det har vore slik, vert prova av at det ofte er fullt av både furu- og lauvtrærøter i mest kvar einaste myr langs heile vestkysten. Det går likeins segjande segner um kor svær og tett skogen var i gammal tid, og eit og anna gammalt hus som enno står og er oppførd av timber som er hogge på no skogsnaue gardar, provar at dette er sant.

Fyrst då skogen ved brand, skamhogst og truleg i samband med klimatskifte, vart vekke frå kysten tok brenntorvstikking og torvflekkning til, og mange stader er det i dei siste generasjonar den jordøyding har gått for seg som vi i dag ser dei vonlause frukter av i tome myrtomtar og snauberg .

Komiteen for myr- og jordvern i kystbygdene har elles på so nøktern og klår måte greidt ut um brenntorvstikking og torvflekkning, at det trengs ikkje å koma so mykje inn på dette spørsmål her. Eg må berre få nemna at etter uppgåvone i Jordvern-komiteen si utgreiding um spørsmålet, vert det i 10 kystherad i Sogn og Fjordane og 16 kystherad i Hordaland ved torvstikking og torvflekkning årleg øydelagd eller varande skadd ei jordvidd på tilsaman 435 dekar. Det vil med andre ord segja at det i kystherada i desse two fylka årleg vert øydelagd ei jordvidd som svarar til innmarksvidda på 14 vanlege gardsbruk i desse strok. Kva dette har å segja for livskår og framsteg i desse bygder, er det svært vanskeleg å skyna




Nr. 1. Torvflekkning og lyngbrand, Rognøy, Herdla.

berre med å lesa dei uppgjevne tal utan å vera kjend med tilhøva. Den skildring av øydeleggjinga som Jordvernkomiteen gjev, kan synes drastisk, men den er likevel reell og gjev eit klårt bilæte av den «utvikling» som går for seg og som versnar med kvart år.

Det er dei midtre og ytre strok på Vestlandet som har dei største vidder ubrukt dyrkingsjord og skogsnaus plantemark. Størstedelen av denne jordvidda er myr og lyngmark og soleis ikkje god jord i vanleg meinings, men her er heller lite jord med betre karakter. Torvstikking og torvflekkning går helst for seg på myr og lyngmark som ligg lagleg til for dyrking og utviding av innmarka, for reising av nye bruk eller for dyrking av kulturbeteier som det i desse strok kan vera større trøng for enn nokon annan stad i landet.

- Myr og lyngmark er ikkje god jord, men det er denne slags jord som med dei hjelperåder vi har i dag, både er billegast å dyrke og som med god grøfting, kalking og gjødsling også er den årsikraste jorda. Av eng, beite og sume slags åkervokstrar, kan ein også på vestlandske lyngmark og myr ta avlingar som både i mengd og kvalitet, står fullt på høgd med og endå til over dei avlingar ein kan ta av betre jord i andre landsluter.

— Men ei tømd brenntorvmyr vil ofta vera anten gyrmefylte hyljar millom bergknausar, eller um det er meir upplendt vil torvlaget som er att, vera so tunt at tomta er utan alt verd som dyrkingsjord. Endå um det er att so mykje jord at ein vil freista å dyrka kulturbete, vil kulturbete på so grunnlendt jord ha mange ulemper og vil aldri nå til høgste avkasting endå um årsnedburden er stor.



Nr. 2. Etter lyngbranden i 1933, Hordabø.

Urasjonell brenntorvstikking med nednivellering av dyrkingsjorda slik at det ikkje er råd å grøfte, fører år for år til varande minking av utviklingsmoglegheiter og framsteg for jordbruket i desse strok og til ringare livskår i det heile. Tiltak og boteråder mot denne jordøyding, kan difor ikkje koma snøgt nok, og av dei positive rådgjerder som Jordvernkomiteen fyreslær i si utgreiding um spursmålet, vil nok elektrifisering vera den boteråd som snøggast og mest effektivt vil syna resultater.

I samband med brenntorvjordøydinga, må ein nemna moldtak og moldkøyring frå myrar og gamle brenntorvtomtar. Ein vil kanskje segja at dette ikkje er jordøyding men jordflytting då molda anten vert køyrd heim i gjødselkjellarane eller til påfylling på gamle utvaska åkrar. Moldtak og moldkøyring er gammal og høyrd saman med driftsmåten, med permanente åkrar og reit som gjerne låg både turrlendt og brattlendt og soleis år um anna trengde påfylling av jord. Men endå ein vel kan vedgå at moldkøyring til dette fyremål er ei «mildare» form, er det likevel jordøyding. For slike moldtak vil ofte anten liggja i godt formolda myrar som ikkje er brukande til brenntorv, eller det er «øyar» som står att i gamle brenntorvtomtar og er sundfrosne og moldna. Desse moldtak er difor ofte svært god dyrkingsmyr som ligg lagleg til anten for full dyrking eller til dyrking av kulturbeiter, men diverre er det ikkje so ofte at moldtaka vert nytta på denne måten. For slike moldtak ligg på same måten som brenntorvrettane ofte som ein servitutt på annan manns grunn, og endå der ikkje vert køyrd mold ligg moldtaka der med lovs heimel som eit meinbægje og stengjer for all utvikling.

Det kan vera eit lite ljospunkt at moldkøyring etter kvart har vorte mindre brukt og er vel heller ikkje so aktuell som tidlegare, men på grunn av denne «moldretten» kan jorda ikkje brukast av grunneigaren og moldtaka kan liggja der åpne og utsette for dei jordøydande krefter som år etter år verkar langsamt, men sikkert utan menneskelege inngrip.

Saka er nemleg den at slik smuldra, turr myr av enno lite klärlagde årsaker berre svært langsamt vert overgrodd av nøgsame naturlege vokstrar. Der er gode døme på at slike turre og smuldra myrar og moldtak, kan liggja heilt svarte utan noko slags vokster i meir enn 30 år. Det er sjølvsagt at under slike høve vil både vind og vatn få verka fritt og uhindra og langsamt men sikkert minka jordlaget.

Slike moldtak i gamle torvtomtar og øydelagde brenntorvmyrar, kan difor ofte vera framhald og fullstendiggjering av den jordøyding som brenntorvstikkinga var upptaket til. Moldtaka er difor på ingen måte so «uskuldige» som ein kanskje kan tru og hertil kjem at dei både stengjer for tiltak og ofte ogso er årsak til grannestrid avdi dei ligg på annan mans grunn. Det er difor all grunn til å vera merksam på moldtaka både som servitutt og for skuld jordøyding, og um mogleg skipa lov um jordvern slik at moldtaksrettane best kan avløysast når grunneigaren vil bruke jorda til dyrking.

Som jordøydande faktor nr. 2 har eg framanfor sett upp lyngsviding med fyremål å betra det naturlege sumarbeitet.

Brennkulturen er gammal og var kanskje den upphavelege «dyrkingsform» når ny jord skulde leggjast under kultur. Dette synes ogso å vera prova av at ein mest alle stader på Vestlandet, finn trekolrestar under grastorva på gamle børar og utslåttar. I gammal tid kunde vel denne dyrkingsform ha ein viss rett, men endå um det berre gjeld betring av det naturlege sumarbeitet, er det vanskeleg å finna overtydande grunngjeving for at brenning som einaste kultiveringsinngrip, har nokon rett i vår tids jordbruk.

Det var ei tid drive ein heller sterkt agitasjon for lyngkultur etter skotsk mynster for betring av lyngbeiteit til sauene um vinteren. Dersom lyngsviding med dette fyremål vert utførd med plan og på jord som toler brenning, er lyngsviding korkje jordøydande eller skadeleg på annan måte. Men jord som høver til slik lyngkultur — det vil segja upplendt men djup lyngmark på grusgrunn, har vi heller lite av i dei strok på Vestlandet som driv lyngbrenninga mest intens.

Lyngsviding kan ogso vera turvande på jord ein vil dyrka. Det kan soleis ofte vera eit heilt naudsynleg fyrebungsarbeid å svi vekk både lyng og annan naturleg vokster anten ein so vil fulldyrke eller dyrke til kulturbeiter.

Men det bør vera ein lovfest regel at all slik lyngbrenning vert utførd på djuplendt, telebunda jord i stille ver. Likeins må det sytast for at det alltid er nok «brandmannskap» tilstades slik at ein til kvar tid er herre over elden.



Nr. 3. Lyngbrandtomt, steinutt grusbakke, all humus vekkbrend,  
Sønnfjord 1947.

Den jord- og skogøydande lyngsviding på Vestlandet fylgjer likevel ikkje slike reglar og har heller ikkje noko med rasjonell lyngkultur og andre reelt positive fyremål å gjera. Fyremålet er som alt nemnt på denne primitive vis å betra det naturlege sumarbeitet for både sau og annan buskap, men sjølsagt er ikkje jordøyding og annan brandskade fyresetleg og tilsikta. Tanken er vel i dei fleste høve å svi vekk lyngen på eit mindre avgrensa umråde, men måten lyngsvidinga vert sett i verk på kan ikkje føra til annan enn skade, og det er resultatet det i røynda kjem an på.

Då fyremålet er betring av det naturlege beitet, er det som regel upplendt, turr, rabbutt og ofte svært grunnlendt jord som vert lyngsvidd. Brandane vert likeins som regel påsette i turver med sterk vind og elden vil snøgt laupa frå alt som heiter kontroll og leggja store vidder svarte på stutt tid.

Slik grunnlendt og rabbutt jord toler i det heile ikkje brenning og endå um dei fleste brandane vert utførde um vinteren i frostver, er dette ikkje nokor skydd mot jord- og skogskade på slik jord. — Saka er nemlig den at røsslyngen (*Galluna Vulgaris*) er ein sterkt jordlagande vokster som veks best på turr og ofte grunn jord. Her lagar lyngen ein porøs, turr råhumus som ofte ligg berre som ei tynn skorpa upp etter berg og stein. — Bjørnsons målende skildring av korleis fjellet vert kledd, er ikkje sprunge ut av ein diktars fantasi,

men er reell sanning. Det er lyngen som vil vera først til å kle fjellet og laga jord over berg og stein, og dermed vokstervilkår for andre plantar som kjem etter. Fyrst når råhumuslaget har vorte so tjukt at det held godt på vatnet, vert lyngen grisnare og gjev meir rom for andre vokstrar.

Der det veks slik stor lyng i tett bestand på turr og grunnlendt jord, vil det sjølv i sterkt frost vera lite eller ikkje tele i det porøse humuslaget som dekkjer fjellet. I lange frostbolkar kan også litt tjukkare humuslag «frysa seg heilt turre» og når ein so set eld på lyngen, vil råhumuslaget anten brenna heilt upp eller smuldra so sterkt av varmen at det er lett for vind og piskande regn å vaska berget reint.

Der slik lyngsviding ei tid har vore drive, meir eller mindre systematisk, kan ein difor sjå opp til 2 og 3 brandringar på fjellet den eine ringen nedanfor hin og desse brandringar er klære prov for korleis jordlaget har minka for kvar brenning, medan snaufjellet har auka tilsvarande. Etter ein lyngbrand i januar 1947 kunde eg mæla ei minking av det øvre porøse råhumuslaget på kring 10 cm., og i ein sudvendt bakke som før branden var tilvaksen med røsslyng og litt einer, var heile humuslaget brendt eller heilt forkola. Det som var att var berre grus og stein med eit oske- og kollag uppå som endå ikkje var vekkvaska. Sjølv sagt er ikkje jordøydinga ved lyngbrenning alltid so stor som i det her nemnde dømet, men endå um jordøydinga vil variere etter kor grunnlendt og rabbutt brandfeltet er, so vil det likevel alltid verta brend noko jord. At det er slik vil ein få eit klårt skyn for endå um ein berre reiser med rutebåten i dei strok på Vestlandet der lyngsvidinga har vore driva mest intens. Ein får uvilkårlig det inntrykk at lyngsvidinga er årsak til at meir enn 50 % av totalvidda ofte er snauberg og stein.

Den jordskade som urasjonell og planlaus lyngsviding valdar, kan likevel ikkje som ved torvstikking og torvflekkning mælast i dekar øydelagd jordvidd pr. år. Men jordminken rundt kvar stein og kvar bergknause over fleire tusind dekar lyngmark pr. år, er dei mange bekkjer små som gjer den store å, — ei jordøyding som år um anna er langt større enn mange kanskje har hug å tru. Men bilæta frå ymse brandstrok i kystbygdene på Vestlandet og detaljbilæte frå lyngbrandtomtar, torer vera gode prov for kva lyngsvidinga på den måten den vert driva fører til. Det som gjer at denne form for jordøyding i mange høve er skadegare enn sjølv urasjonell brenntorvstikking, er at skaden først og fremst går ut over grunnlendt jord, — eller endå verre over jord i vokster, for jord kan berre lagast i natura sin eigen verkstad av lyng og andre nøgsame vokstrar som vil kle fjellet.

Då det ikkje er dyrkingsjord som vert øydelagd ved lyngsvindinga, kan det sjå ut til at jordskadene har mindre aktuell interesse for jordbruksområdet. Men her bør ein hugsa på at det er skogfatige og skog-



Nr. 4. Plantefelt på Einen i Askvoll under rydjing etter branden

Men det eg gjerne vil ha fram og understrike er at på upplen d t og grunn jord er lyngsviding ikkje berre jordøydande, den er også totalskadande på all spirande, sjølvsådd naturskog, og ofte også på planta skog.

Både i dei midtre strok og utover mot kysten, vil ein over alt i lyngmarka finne meir eller mindre av sjølvsådde skogsplantar av bjørk, rogn og andre lauvtre og dersom det er frøfur u ikkje for langt av lei, kan ein også finna ei og onnor sjølvsådd småfurua i lyngmarka. Ved fri beiting vil nok ein stor del av desse sjølvsådde plantane gå tilgrunne, men eit og anna treet og stundom også småkrullar særleg av bjørk og rogn, kan av og til vinna seg upp over lyngen. Som regel vil det vera på dei grunnlendtaste og mindst tilgjengde stader naturskogen soleis prøver å få fotfeste og endå um desse «forpostar» ikkje har nokon skogsverdi i første umgang, kan dei då veksa upp til frøtre for vidare spreidning av skogen vestetter mot kysten. — Og skogen må verkeleg få lov å «okkupera» slik grunnlendt og rabbutt jord som i det heile ikkje høver til anna enn skog. Og får skogen veksa, vil den med tida gjera landsluten både vænare og rikare.

Men den urasjonelle lyngsvidinga, øydelegg ikkje berre jordlaget og sjølvsådde skogspirar, det går altfor ofte også verdfull planteskog med i brandane. Dessutan minkar lyngbrenninga vilkåra for

lause strok det gjeld, og kvart einskildt tre som kan veksa upp her, har ein annan og større verdi enn det har i skogrikare strok. Den jordskade lyngsvidinga valdar, går først og fremst ut over grunnlendt plantemark eller med andre ord ut over jord som bør få veksa til med skog. Men der lyngsvidinga er vanleg, vil naturskogen aldri vinna fram slik at det munar noko.

Det ser ut til at vi i notida er inne i ei klimatperiode som gjev betre vokstervilkår for skogen i kystbygdene, for lauvskogen synes ofte på trass av sterkt beiting å vera på marsj vestover mot kysten. Eg kunde nemna døme som synes å prova dette, men det vil føra for langt og ligg vel også utanfor råma av det som er meiningsa med denne artikkelen.


ný uppspiring av sjølvsådd skog, for dei 3—4 første åra etter bran- den, vil det vera halvgras og simple grasper som dominar plan- tefeltet og dette fører med seg ei meir intens summarbeiting og små lauvskogplantar, som måtte spira upp på brandfeltet, er like so smakelege for krøtter som simpelt gras og halvgras.

Under krigen var det so å segja heilt stopp med lyngsviding og mange stader i lyngmarka tok småbjørk og rogn til å syna seg over lyngen. Men vintrane 1946 og 1947 har lyngbrennninga vore driva meir intens enn nokon gong før og i dagspressa har ein kunna lese um fleire større lyngbrandar på Vestlandet — «når veret har vore til det» — det vil segja austanwind og turrver. Det kan soleis minnast um stor lyngbrand på Stord 1947, brand i Manger, i Askvoll, i Selje og fleire andre stader. Men dei fleste brandane kjem likevel ikkje lenger enn «synet rekk» og berre når det stryk med verdfull planteskog eller når brandane tek eit slikt umfang at det må rykkjast ut med stort sløkkjingsmannskap, vert det slege noko større upp. Den skade som slike lyngbrandar alltid valdar på jord og spirande sjølvsådd skog, vert likevel aldri nemnd.

Som eit døme millom mange på kor dyr og øydeleggjande slik lyngbrenning kan vera, skal eg få nemna branden av eit stort plantefelt på Einen i Askvoll vinteren 1946. Det strauk her med eit 40 år gammalt plantefelt på 175 dekar, plantefeltet var i god vokster og dei two gardane på Einen har ikkje annan skog, men eig isaman kring 2500 dekar myr og upplendt lyngmark. I den upplendte luten av lyngmarka tok det no til å syna seg ikkje so lite småbjørk og rogn over lyngen, sume stader so mykje at det um nokon år ville ha synt seg som skog i vokster. Lyngbranden som øydela plantefeltet var påsett på grannegarden til Einen og forutan plantefeltet, brende det i alt kring 2000 dekar upplendt lyngmark og myr og sjølvsagt strauk alle sjølvsådde skogsplantar ogso med.

Totalskaden på plantefeltet var av skogsfolk sett til kring kr. 11.000,00 på vanleg takstbasis, men det er vel ikkje for mykje sagt at skogfeltet for desse skoglause gardane hadde ein verdi som ikkje so godt kan mælast i pengar. Kor mykje sjølvsådde skogsplantar det strauk med ved same høve, er det heilt uråd å ha nokor sikker meinung um og like so vanskeleg er det å setja nokon takst på denne skaden. Men etter synfaring av brandfeltet, meinar eg å vera heilt på den sikre side når eg reknar i medel 10 bjørke- og rogneplantar pr. dekar over heile brandfeltet. Dette gjev kring 20.000 plantar og verdet av desse saman med den skade som branden valda på grunnlendt jord, kan lågt rekna setjast til kr. 3.000,00. Den samla skade på skog og jord vert for denne lyngbranden då avrunda kr. 14.000,00.

Fyremålet med denne som med dei fleste andre lyngbrandar, var betring av det naturlege summarbeitet. Men som før nemnt er slik betring av summarbeitet heller stuttvarig og ein kan nokolunde trygt rekna med at den effektive beitebetrinng ikkje vil vara meir enn i 3—4 år.



Nr. 5. Kulturbeite på myr, juli 1946. Furuneset, Askvoll.

I det her nemnde «kulturbeitet» kan ein etter husdyrtelling rekne med eit beitebelegg um sumaren på ca. 28 stk. storfe og 115 stk. sauher. Reknar ein so med at den «effektive» beitebetring er «fullverdig» i 4 år, får ein med den skyna skadesum på kr. 14.000,00 at beitebetringa kostar kr. 3.500,00 pr. år eller um ein reknar beitebeleget som storfe, vert kostnaden kr. 73,00 pr. dyr og år.

Ingen som er kjend med tilhøva vil vera i tvil um at den produksjonsauke som dette «brandbeitet» er årsak til, ikkje på langt nær dekkjer «produksjonsutgiftene» — skaden på jord og skog. Gardane har tvert um vorte fatigare og eksistensvilkåra ringare.

Sidan det strauk med eit verdfullt plantefelt, kan denne lyngbranden synes å vera eit noko ekstremt døme. Men det kan også nemnast døme på lyngbrandar der det ikkje har stroke med planteskog og likevel har brandskaden på jord og spirande sjølvsådd naturskog vore so stor at ein har havt all grunn til å skyna «produksjonsutgiftene» pr. storfe til mest det same som i dømet ovanfor.

Endå um ein syner all mogleg skynsemd for fyremålet — betring av det naturlege sumarbeitet, er det likevel uråd å finna overtydande grunngjevingar til forsvar for denne «kultiveringsform» for sumarbeiter. Det torer også vera høgst tvilsamt um lyngsviding på den måten denne vert driven, er av eit slikt verd for vinterbeitet til sau at den kan forvarast, men dverre har vi i denne leid ikkje nøgne forsøk å byggja på. Korleis det enn kan vera med dette, må ein kunne slå fast at den betring av sumarbeitet som lyngsvidinga fører til er stuttvarig og den jordbruksmessige verdi av denne beitebetring, vert sett fullstendig i skuggen av den varande jordøyding og

den øydeleggjing av spirande skog som slik lyngsviding alltid i storre eller mindre muner årsak til.

Sovell for den einskilde gardbrukar som for landsluten, er den ukontrollerte og planlause lyngsviding so skadeleg at det i samsvar med forslaget til jordvernkomiteen bør vera lovfest forbod mot den. Vel vil dette vera eit inngrøp i den personlege fridom og frie disposisjonsrett over eigen eigedom, men det bør vera ei samfundssak å verna jord og spirande skog mot øydeleggjing — det er verdiar som ikkje kan erstattast på generasjonar, og det torer også vera at det vert tekne rådgjerder som er av mindre byggjande verd enn eit forbod mot lyngsviding vil vera.

I kystbygdene på Vestlandet er det stor trøng for godt summarbeite, men det er utan samanheng med vår tid å bruka elden som einaste kultiveringsinngrip til betring av beitet. Vi har i dag andre vegar å gå som korkje er jordøydande eller skadelege på annan måte, og vegener dyrking av beite og eit rasjonelt beitebruk i vår tids meinings. Gjenom mange år er det ved forsøk og praktisk røynsle fastsle at «brandstroka» — kystbygdene på Vestlandet — har dei aller beste vilkår for eit lønsamt beitebruk og vi har gode døme på at 2—2,5 dekar godt gjødsla og velstelt kulturbete pr. ku er stor nok vidd til underhald av ein jamn og høg mjølkeproduksjon. Målet vi bør setja oss treng difor ikkje vera 4—5, men 3—3,5 dekar kulturbete pr. storfe, for naturhøva har vi og sidan er det berre spørsmål um intensiv gjødsling og godt stell av kulturbetiet, som i alle fall for denne landslut torer vera den avgjort lønsamaste lekken i rasjonaliseringa.

Dyrking av kulturbeteier er likevel ikkje billegare i kystbygdene enn andre stader, kanskje heller tvært um. Ein vesentleg lut av anleggskostnaden ved dyrking av kulturbeteier, er gjerdematerialet og i dei skoglause kystbygder må alt gjerdemateriale kjøpast. Dette tyder ein relativt stor kontantkostnad og skulde også tilsegja ei intensivering av beitedrifta på minst mogleg vidd. Men likevel kan kontantutlegget til gjerdemateriale vera so stor for eit lite kystbruk at det er «bøygen» og difor kan det vera all grunn til å rá til at det for desse strok vert gjeve ekstra tilskott til gjerdemateriell for dyrking av kulturbete. Dette kan også vera ei positiv rådgjerd mot lyngsviding og den jord- og skogøyding som denne fører med seg.

Der som det av ymse grunnar ikkje er høve til å dyrke kulturbeteier på vanleg måte, kan ein betra dei naturlege beitet utan å bruka eld og øydeleggja jord og skog. Røsslyngen er nemleg ein svært ømfintleg vokster som toler lite av kultiverande inngrip og særlig synes lyngen å vera ømfintleg for dei ets- og giftstoff ein vanleg kan bruke til plantedrepning. Det er vel kjendt at med kalk og gjødsel kan ein langsamt gjødsle upp kulturbeteier av lyngmark, og det torer også vera kjendt at Odda og «trollmjøl» ut-



Nr. 6. Kulturbeite på lyngmark (forsøksfelt). Furuneset, Askvoll.

strødd på doggvåt lyng um vår eller sumar, er like effektivt drepane for lyng som for andre «ugras». Mest effektivt lyngdrepande synes likevel natriumkloratet å vera, og som døme på dette må eg nemna eit forsøk som vart utlagd her på forsøksgarden Furuneset sumaren 1940. Forsøket vart lagd på lyngmark med tett bestand av medels storvaksen røsslyng og av natriumklorat som vart utstrødd på ettersumaren, var det brukt dei «offisielle» mengder på 20, 35 og 50 kg. pr. da. Våren 1941 syntte det seg at sjølv minste kloratmengde (20 kg. pr. dekar) fullstendig hadde drepe all lyng, medan gras og halvgras vaks frodig upp. Mest forvitneleg var det likevel at nokon små ca. 2 år gamle bjørkeplantar som vaks innanfor dei kloratbehandla forsøksrutene ikkje var drepne. Småbjørkene sterte vel litt første året, men veks no frodig upp. Det må likeins nemnast at verknaden av natriumkloratet på lyngen er so effektiv at på dei kloratbehandla forsøksrutene, er det også i år (1947) gras og halvgras som dominerer plantesetnaden fullstendig — trass i at forsøket ikkje er beita sidan det vart tillagt. Årsaka til at kloratverknaden er so effektiv, er truleg den at det våren 1941 var so mykje klorat att i jorda at det var nok til å drepa all røsslyng som spirte upp av frø.<sup>1)</sup>

Av dette forsøket synes det gå fram at 20 kg. natriumklorat pr. dekar utstrødd på ettersumaren, er fullstendig drepane for røsslyngen utan å skada gras og halvgras eller småbjørk. Etterverknaden av natriumklorat i mengd på 20 kg. pr. dekar synes også å vera minst like so varig som sterk brenning og fyremunen er at det ikkje vert øydelagd jord og ung lauvskog.

<sup>1)</sup> Det kan også vera mogleg at natriumkloratet har fysisk-kjemiske verknader på jorda som skapar ugunstige vokstervilkår for lyngen.

20 kg natriumklorat pr. dekar vert likevel ikkje billeg um ein skal koma over so stor vidd at det munar noko for det naturlege beitet. Men det er råd å drepa lyngen med langt mindre mengder enn det som hier er nemnd. Forsøk med kjemikalier til dreping av lyng utførde av professor Bøhmer og av Vestlandets forstlige forsøksstasjon, har synt at ein kan drepa lyngen med like ned til 5 kg. natriumklorat pr. dekar og med so små kloratmengder, vert det ei overkomeleg sak å drepa lyngen der ein vil betra det naturlege beitet utan å bruka den primitive brandkultivering.

(Forts.).

---

## PRISBESTEMMELSER FOR BRENNTORV.

### 1. Innledning.

Det er nå fastsatt nye priser for brenntorv. Prisene er økt med ca. 10 % eller avrundet til kr. 2,50 pr. klasse for maskintorv og kr. 1,50 pr. klasse for stikktorv. Bestemmelsene er for øvrig vesentlig de samme som tidligere. Med det nye pristillegg vil brenntorvprisene stort sett svare til de gjeldende vedpriser.

### 2. Prisdirektoratets kunngjøring nr. 1013 av 6. juni 1947.

I medhold av mellombels lov av 14. desember 1946 om prisregulering og anna regulering av næringsverksemnd fastsettes i samsvar med Finansdepartementets vedtak følgende prisbestemmelser for brenntorv:

#### § 1.

##### *Priser ved salg fra produsent.*

Ved salg av brenntorv fra produsent må det ikke tas eller kreves høyere priser enn her fastsatt:

For maskinbrenntorv:

kr. 26,00	pr. m <sup>3</sup>	for torv med inntil 30	% vann
» 24,50	»	»	» 30/35 % »
» 23,00	»	»	» 35/40 % »

For stikktorv:

kr. 17,50	pr. m <sup>3</sup>	for torv med inntil 30	% vann
» 16,50	»	»	» 30/35 % »
» 15,50	»	»	» 35/40 % »

Disse priser gjelder for alminnelig brenntorv. Av dårligere kvalitet skal det gjøres rimelig fradrag i prisene.